



Orientering frå

Voss bonde og småbrukarlag

Utval for kultur og næring 13.mai 2025





Norsk bonde og småbrukarlag er ein partipolitisk uavhengig organisasjon som arbeider for å betre jordbrukets økonomiske og sosiale rammer, gjennom dei årlege jordbruksforhandlingane og eit aktivt arbeid overfor det politiske miljøet på Stortinget. Me har per dags dato ca 7200 medlemmar fordelt på ca 200 lokallag, og 18 fylkeslag. Organisasjonen er i vekst.

VÅR VISJON

NBS vart stifta i 1913.

*Med kjærleik til jorda og naturen
skal vi saman skapa verdier.*



Norsk bonde og småbrukarlag

er ein pådrivar for norsk matproduksjon i eit evigheitsperspektiv:

- NBS vil ha og jobbar for auka sjølvforsyningsgrad på **norske ressursar** over heile landet.
- Det er eit kvart land si fordømte plikt å produsere mat til eige folk, på eigne ressursar (geopolitisk riktig, etisk riktig, sosialt riktig, økonomisk riktig, distriktspolitisk riktig osv.) Det Norge me kjenner i dag er tufta på eit aktivt landbruk i heile landet over mange generasjonar. Men me er i ferd med å miste dette grunnlaget.
- For å oppnå ein berekraftig matproduksjon i Norge, så må me ha bønder som utfører samfunnsoppdraget – **Å produsera mat!**
- For å ha bønder, så må det vera ei økonomisk berekraftig næring til liks med ei kva som helst anna næring. Ei næring som ikkje er økonomisk berekraftig, vil **FORVITRE**. Og akkurat det er i ferd med å skje no i landbruket, i høgt tempo, utan at mange i samfunnet heilt får det med seg.
- Rett talgrunnlag/grunnlagsmateriale som utgangspunkt for dei årlege jordbruksforhandlingane har difor vore hovudfokus i organisasjonen siste åra, og er det fortsatt. Landbruksnæringa vert aldri berekraftig utan eit ærleg talgrunnlag i both.
- Grunnlaget for at me fekk *Bondeopprør 2021* er eit feil talgrunnlag. Det Bondeopprør sa er fagleg underbygd gjennom Gryttenrapporten/Gryttenutvalget, Menon Economics rapport og gjennom fleire endringar som er gjort siste åra i talgrunnlaget.
- *Normering av heile næringa på 20% og manglande kapitalavkastning* er fortsatt **ikkje** på plass. Dette er dei to største grunnane i heile talgrunnlaget som fører til underfinansiering av næringa.



REKO – ringen

Norsk bonde og småbrukarlag

- Opprinneleg fransk ide.
- REKO – real konsum/rettferdig konsum.
- Norsk bonde og småbrukarlag har vore hovudpådrivar og lyfta dette fram. Dette er me stolt over!
- REKO-ringen har blitt til siste 5 – 8 åra.
- Bonden får rettferdig betalt, og forbruker får råvarer direkte frå bonden. Ingen mellomledd.
- Det vert arbeida aktivt frå sentralt i NBS med å få lyfta dett fram breiare i samfunnet, markedsføring osv.



Voss bonde og småbrukarlag:

- I NBS er landslag, fylkeslag og lokallag eigne juridiske einingar og står fritt til å uttale seg. Me er ikkje styrt frå toppen og ned, men frå grasrota og opp.**
- Arbeider tett opp mot fylkeslaget vårt, Hordaland bonde og småbrukarlag.**
- Femner om Voss herad og Vaksdal kommune.**
- Har ca 110 medlemmer fordelt på desse 2 kommunane, og er i vekst. Alle som et mat kan vera medlem hjå oss 😊**
- Me er eit aktivt styre som består av leiar, 3 styremedlemer og 3 varaer.**



Voss bonde og småbrukarlag:

Viktige saker lokalt, no og framover:

- **Jordvern og jordvernstrategi** – i Voss herad er svært viktig. Me er representert i referansegruppa som no arbeider med Jordvernstrategi for Voss herad. Det MÅ haldningsendring til for å ta vare på den dyrka jorda me har, og snu nedgangen i dyrka jord.
- **Beitebruksplan i Voss herad** – me stiller med representant i dette arbeidet. Dette er særskilt viktig for å få eit godt samarbeid mellom landbruket, turistnæringa, heradet, ålmenta osv. Dette er konfliktdempande på alle måtar.
- **Skulehagar** – pådrivarar får dette til på Evanger, Gullfjordungen og Eksingedalen skule no i dag. Voss bonde og småbrukarlag arbeider no ilag med pådrivarane for å få til eit pilotprosjekt kring dette på Voss. Eit framtidig mål er å få dette inn i alle skular i heradet.
- **Budsjettarbeid i Voss herad 2025** – forslag om nedlegging av skular og barnehagar trugar livsgrunnlaget i grendene våre, og eit aktivt landbruk kringom i heile heradet. Styret i Voss bonde og småbrukarlag, og fleire medlemar i laget ser svært bekymringsfullt på kuttforslaga, og har arbeida målretta og aktivt for å synleggjera konsekvensane ved nedlegging. Det heile er bekymringsfullt, både på kort sikt, men også ikkje minst på lang sikt.



Biogassanlegget på Voss

- Bøndene er organisert gjennom Voss Biogjødselforum SA.
- BIR er utbygger og drifter av anlegget på Bjørkemoen som er under oppføring.
- Etter det me kjenner til, så ser det ut til det no er i ferd med å bli ein avtale mellom desse to partane om levering av møk frå landbruket til biogassanlegget.
- **Stikkord:**
 - *møk frå bønder, matavfall frå Bergen*
 - *spreieareal, ny gjødsel forskrift i landbruket*
 - *innhald i bioress som skal tilbake til bonden?*



Kraftfondet

- Hovudfokus for tildeling i *Kraftfondet* må vera **den aktive bonden**.
- Administrativ innstilling til kraftfondet førre møte var uaksjetabel, ettersom den aktive bonden vart totalt parkert og det ikkje var innstilt løyvingar til tradisjonelle driftsutbyggingar i primærproduksjonen.
- Politisk vedtak frå kraftfondet førre møte vart OK, gitt trange økonomiske rammer.
- *Voss bonde og småbrukarlag* har gitt innspel til utvalet v/leiar Håvard Skattum for føringar/prioritering av landbruket, den aktive bonden, og ei rettferdig tildeling mellom ulike produksjonar og investeringar i landbruket.

Takk for meg

